

ÅRSMELDING 2008



TELEMARK SKOGSELSKAP

LEIAREN HAR ORDET

Årsmøtet i 2008 vart halde på Jomfruland. Temaet ang den freda eikeskogen og det at turen gjekk til Jomfruland gjorde at mange av våre medlemmer møtte opp. Me fekk alle ein glimrande omvisning på Øya og eit interessant foredrag om eikeskogen. Skogselskapet har i ettertid kontakta fylkesmannen si miljøvernavdeling med spørsmål om kva som skjer med skogen der ute. Etter vår meining bør den skjøttas slik at den vil vera der og i framtid.

På årsmøtet i 2006 fekk styret fullmakt til å plassere inntil kr 1 million med det føremål å få betre avkastning enn i bank. Det lykkas me med ei stund, men me kjenner alle til kva som har skjedd det siste året med pengeplasseringar. Som alle andre har og Telemark skogselskap eit urealisera tap på dette, men inn til vidare lar me pengane stå der dei står. Dette er langsiktige plasseringar, og me må ha tru på at det går oppover att.

I 2008 tilsette me ny infomedarbeidar, eller skogkonsulent, som tittelen nå er. Marta Kjøllesdal har bakgrunn frå bedriftsleiing og som journalist. Eg vil

ynskje Marta velkommen i Skogselskapet og ynskje henne lykke til med arbeidet. Til dei som har Internett kan eg anbefale heimesida vår, skogselskapet.no. Der vil de finne aktuelle saker som me arbeider me samt ha tilgang til heile skogselskapsfameliien.

FMLA og AT skog har nå dratt i gang aksjonen Tid For Skog. Dette er eit prosjekt som skal få fart på skogplanting og skogkulturarbeidet. Dette er eit bra tiltak, som me må ha forventningar til. Men eg må for eigen del seia at det er eit nederlag for skogeigaren at han/ho ikkje er flink nok til sjølv å ta initiativ til det som må gjerast i eigen skog. Oppfordringa mi er som tidlegare at skogeigaren må bli mykje flinkare på dette punkt.

For eigen del synes eg ordninga i Sverige er mykje betre, der er det tvungen planting og forynging etter hogst. Dette må bli ordninga hjå oss og, dersom ikkje Tid For Skog lukkas med å få opp aktiviteten, samt vekke skogeigarane til eit betre liv.



Hans Olav Lahus
Styreleiar

TILLITSVALDE

STYRET I 2008:	OPPNEMNT AV	PERIODE
Hans Olav Lahus, leder	AT-skog	2008-2009
Peder Aarø, nestleiar	Årsmøtet	2008-2011
Guro Vale Kvavik	Årsmøtet	2008-2011
Tor Erik Baksås	Årsmøtet	2008-2010
Jon Ingebretsen	Årsmøtet	2008-2009

VARAMEDLEMMER:

Øystein Sønstegaard	AT-Skog	2008-2011
Svein Kolloen	Årsmøtet	2003-2007
Bergit Askildt Myrjord	Årsmøtet	2007-2010

VALNEMND:

Bjørn O. Hustveit	Årsmøtet	2006-2009
Thorleiv Holtskog	Årsmøte	2007-2010
Ina Grubbe	Årsmøtet	2008-2011

SEKRETÆR

Jon Olav Brunvatne	Fylkesmannen i Telemark	Permisjon aug 08
--------------------	-------------------------	------------------

REVISOR:

Revisorteam Midt-Telemark AS

FASTE MEDARBEIDARAR I TELEMARK SKOGSELSKAP I 2008

Hølje Kr. Jore var mellombels tilsett i stillinga medan Lars Erik Brynjulvsrud hadde permisjon i 2007. 1. april tok Marta Kjøllestad til i stillinga som skogkonsulent

Ingunn Høibø fungerer som regnskapsfører, men er ikkje fast tilsett i Telemark Skogselskap.

STYRETS VERKSEMD

Telemark Skogselskap driv informasjonsarbeid om skog, skogbruk og skognatur mot skuleverk og allmenta. I denne samanhengen er skoleretta informasjon, nettverksbygging og

mediekontakt spesielt viktig. I tillegg har Telemark Skogselskap dei fire siste åra drive aktivt med informasjon om bioenergi og skog og klima.

Telemark Skogselskap hadde i 2008 fire styremøte i tillegg til årsmøtet. I tillegg til saker rundt informasjonsarbeidet som skogselskapet driv, har skog og klima og korleis Skogselskapet kan vere med å informere om det, vore eit viktige tema.

Saklista til styremøta er sett opp i nært samarbeid mellom styreleiar, sekretær og skogkonsulenten. Det har også vært jamn dialog året igjennom for å halde seg oppdatert på den økonomiske situasjonen.

Telemark Skogselskap samarbeider med FMLA og mottok økonomisk støtte for å drive informasjonsarbeid om skogbruk og

spesielt i samband med Dyrsku'n.
Samarbeidsavtala om skog og skogbruk
med AT Skog BA vart vidareført i 2008,
med same økonomiske omfang som i
2007.

SKOGFRØGARDANE

Frøplantasjene på skogfrøgårdene Kilen og
Hallen blir no disponert av Skogfrøverket

YTRE MILJØ

Drifta av Telemark Skogselskap skadar
ikkje det ytre miljø.

FRAMLEIS DRIFT

Vilkåra for vidare drift er tilstade og
årsrekneskapen for 2008 er sett opp etter
dette og viser eit underskot på 197 419

ARBEIDSMILJØ.

Det har i 2008 ikkje vore arbeidsuhell.

I samsvar med lover og forskrifter blir det
ført oversikt over totalt sjukefråvær blant
dei tilsette. I 2008 var det ikkje sjuke fråver.
Det er vår klare meining at arbeidsmiljøet
og den generelle trivselen på arbeidsplassen
er svært god.

LIKESTILLING

Telemark Skogselskap hadde i 2008 ein
tilsatt, ei kvinne. Styret i Telemark
Skogselskap arbeider målretta mot at
begge kjønn skal være representert. Styret
består av 4 menn og 1 kvinne.


Gvarv, den 24. mars 2009


Hans Olav Lahus
styreleiar


Peder Aarø
nestleiar


Guro Vale Kvavik
styremedlem


Tor Erik Baksås
Styremedlem


Jon Ingebretsen
styremedlem

**TELEMARK SKOGSELSKAP
RESULTATREGNSKAP**

	Note	2008	2007
Driftsinntekter			
Salgsinntekt		51 731	98 936
Tilskudd og kostnadsrefusjoner	4	258 833	247 723
Annen driftsinntekt		54 175	49 900
Sum driftsinntekter		<u>364 739</u>	<u>396 559</u>
Driftskostnader			
Varekostnad		8 716	103 255
Lønnskostnad	1,3	220 480	240 350
Annen driftskostnad	3	183 294	183 629
Sum driftskostnader		<u>412 490</u>	<u>527 234</u>
DRIFTSRESULTAT		-47 751	-130 675
Finansinntekter og finanskostnader			
Annen finansinntekt	7	27 481	26 437
Renteinntekt		91 488	63 494
Rentekostnad		-53	0
Nedskrivning av finansielle anleggsmidler	7	-268 584	
Resultat av finansposter		<u>-149 668</u>	<u>89 931</u>
ÅRSRESULTAT		<u>-197 419</u>	<u>-40 744</u>
Overføringer			
Overført til/fra annen egenkapital		-197 419	-40 744
Sum overføringer		-197 419	-40 744

TELEMARK SKOGSELSKAP
BALANSE

	Note	31.12.2008	01.01.2008
EIENDELER			
ANLEGGSMIDLER			
Varige driftsmidler			
Annen fast eiendom	5	194 845	194 845
Sum varige driftsmidler		194 845	194 845
Finansielle anleggsmidler			
Investering i datterselskap	2	3 696 000	3 696 000
Ansvarlig lån	2	1 616 800	1 616 800
Andeler i fond	7	800 997	1 042 100
Sum finansielle anleggsmidler		6 113 797	6 354 900
Sum anleggsmidler		6 308 642	6 549 745
Omløpsmidler			
Varer			
Sum varer		5 753	19 121
Fordringer			
Kundefordringer		28 102	32 143
Annen fordring		2 908	22 236
Sum fordringer		31 010	54 379
Bankinnskudd, kontanter og o.l			
Bankinnskudd, kontanter og o.l	6	1 552 836	1 547 070
Sum bankinnskudd, kontanter og o.l		1 552 836	1 547 070
Sum omløpsmidler		1 589 599	1 620 570
SUM EIENDELER		7 898 241	8 170 315

TELEMARK SKOGSELSKAP
BALANSE

	Note	31.12.2008	01.01.2008
EGENKAPITAL OG GJELD			
EGENKAPITAL			
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital		7 852 092	8 049 511
Sum opptjent egenkapital		7 852 092	8 049 511
SUM EGENKAPITAL		7 852 092	8 049 511
GJELD			
Annen langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjoner			
Sum annen langsiktig gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		4 618	20 017
Skyldige offentlige avgifter	6	24 350	21 751
Annen kortsiktig gjeld		17 181	79 036
Sum kortsiktig gjeld			120 804
SUM GJELD		46 149	120 804
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		7 898 241	8 170 315

Gvarv, den 24. mars 2009


I styret for Telemark Skogselskap


Hans Olav Lahus
styreleiar


Peder Aarø
nestleiar


Guro Vale Kvavik
styremedlem


Tor Erik Baksås
Styremedlem


Jon Ingebretsen
styremedlem

Noter til årsregnskapet 2008

Telemark Skogselskap eier Kilen Skogfrøplantasje og Hallen Skogfrøplantasje som produserer skogfrø. Selskapet driver også utstrakt informasjonsvirksomhet. Drifta av Skogfrøplantasjene og informasjonsvirksomheten finansieres ved hjelp av refusjoner og tilskudd.

Note 1. Prinsippnote

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med Regnskapsloven og god regnskapsskikk for små foretak. Følgende regnskapsprinsipper er benyttet. Investering i datterselskap er bokført etter kostmetoden. Inntektsføring ved salg av varer og tjenester skjer på leveringstidspunktet og refusjoner og tilskudd når de mottas.

Note 2. Aksjer i andre selskap

Telemark Skogselskap har eiendeler i følgende selskap:

Datterselskap:	Forretningskontor:	Eierandel/ Stemmerett	Selskapets egenkapital, 100%:	Selskapets resultat i 2008, 100%:
Telemark Skogplanteskule AS	3810 Gvarv	61,6%	6 382 038	157 391

Skogselskapet har i forbindelse med stiftelsen av datterselskapet ytet ett rente og avdragsfritt ansvarlig lån på kr 1616 800,-

Note 3. Ansatte, godtgjørelser

Lønnskostnader består av følgende poster

	2008	2007
Lønninger	154 576	173 337
Betalte og beregna feriepenger	16 809	18 340
Styrehonorar	21 000	18 500
Arbeidsgiveravgift	27 526	29 637
Pensjonskostnader	0	0
Andre personalkostnader	569	535
Sum lønnskostnader	<u>220 480</u>	<u>240 349</u>

Antall utført årsverk 0,5 stk.

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar for 2008 utgjør kr 9500,-

Note 4. Tilskudd og refusjoner

	2008	2007
Informasjonsarbeid	208 833	208 833
Refusjon	0	0
Administrasjon og annet	<u>50 000</u>	<u>38 890</u>
	<u>258 833</u>	<u>247 723</u>

Note 5. Anleggsmidler

	Eiendommer
Anskaffelseskost pr. 01.01	194 845
Avgang i året	0
Anskaffelseskost pr. 31.12	194 845
Akkumulerte avskrivninger 31.12	0
Balanseført verdi 31.12	194 845
Årets ordinære avskrivninger	0

Eiendommer: Gjelder jordeiendom, Hallen og Kilen.

Note 6. Bundne midler

I posten inngår bundne skattetrekksmidler for skyldig skattetrekk kr 15 370,-.

Note 7. Investering i fond

Selskapet har følgende investeringer:

Fond	Kostpris	Nedskr.med	Bokført	Markedsverdi
Pareto fond	1 069 581	268 584	800 997	800 997

Reinvestert avkastning i 2008 på kr 27 481,- er inntektsført og tillagt kostpris på andelene



Revisorteam Midt-Telemark AS

Tilsluttet Revisorteam AS

Ansvarlige partnere:
Registrert Revisor Mathias Bergen
Registrert Revisor Vidar Stenstad
Registrert Revisor Bergit Kleiv
Registrert Revisor Hellek M. Berge

Til årsmøtet i
Telemark Skogselskap

REVISJONSBERETNING FOR 2008.

Vi har revidert årsregnskapet for **Telemark Skogselskap** for regnskapsåret 2008, som viser et underskudd på kr. 197.419. Vi har også revidert opplysningene i årsmeldingen om årsregnskapet og om forutsetningen om fortsatt drift. Årsregnskapet består av resultatregnskap, balanse og noteopplysninger. Regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge er anvendt ved utarbeidelsen av regnskapet. Årsregnskapet og årsmeldingen er avgitt av selskapets styre. Vår oppgave er å uttale oss om årsregnskapet og øvrige forhold i henhold til revisorlovens krav.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder revisjonsstandarder vedtatt av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardene krever at vi planlegger og utfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon. Revisjon omfatter kontroll av utvalgte deler av materialet som underbygger informasjonen i årsregnskapet, vurdering av de benyttede regnskapsprinsipper og vesentlige regnskapsestimater, samt vurdering av innholdet i og presentasjonen av årsregnskapet. I den grad det følger av god revisjonsskikk, omfatter revisjon også en gjennomgåelse av selskapets formuesforvaltning og regnskaps- og internkontrollsystemer. Vi mener at vår revisjon gir et forsvarlig grunnlag for vår uttalelse.

Vi mener at:

- årsregnskapet er avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av selskapets økonomiske stilling 31. desember 2008 og for resultatet i regnskapsåret i overensstemmelse med god regnskapsskikk i Norge.
- ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.
- opplysningene i årsmeldingen om årsregnskapet og om forutsetningen om fortsatt drift er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

Gvarv, den 28. april 2009

Revisorteam Midt-Telemark AS

Mathias Bergen

Revisorteam Midt-Telemark AS
Postboks 83, 3834 Gvarv
Revisornr/Org.nr.: NO 985 195 129 MVA
Bankgiro nr.: 1644.12.85551
Side: 1 av 1

Telefon: 35 95 67 00
Fax: 35 95 67 09
E-post: midt@revisorteam.as
E-post (direkte): formavner@revisorteam.as
F:\fillet\1710\2008\Revisjonsberetning 2008.doc

Medlem av
Den Norske Revisorforening

Årsmøtet 2008

Årsmøtet var denne gong lagt til Jomfruland. Styreleiar Hans Olav Lahus kunne ønskje om lag 50 medlemmer velkomne i velforeiningas trivelege forsamlingshus.

Årsmelding og rekneskap 2007

Årsmelding og rekneskap var sendt ut til alle medlemmar, skogeigarlag og til skogansvarleg i kommunane på førehand.

Lahus gikk gjennom årsmelding og rekneskap Aktiviteten i 2007 var på det jamne. Laget har teke opp temaet skog og klima. Målet er å setje søkjelys på kva skogbruket kan bidrage med når det gjeld klima. Telemark Skogselskap har fått støtte til Landbruksdepartementet til eit forprosjekt. Det skal sjå på om det er mogleg å lage ei nettside om skog og klima og utvikle ein skogkalkulator, som kan rekne ut kor mykje CO₂ ein skogeigedom fangar og kva eit anna skjøtselnivå vil bety. Lahus opplyste at arbeidet no var ferdig og ein må prøve å få nettsida aktiv.

Han peika også på at det blir planta for lite skog. Prosjektet Tid for skog og eit skogkulturprosjekt i Midt-Telemark er sett i gang for å prøve å bøte på dette. Målet er å auke plantetalet med 100.000 per år.

Telemark Skogplanter produserte 1,5 millionar plantar i 2007, 200.000 av dei vart sende ut av fylket. Planteskulen bør produsere to millionar plantar for å vere ei framtidretta bedrift.

Rekneskapen viser kr 396 559 i driftsinntekter mot 527 234 i driftsutgifter. Det gav et driftsresultat minus kr 130 675.

Finansinntektene var på kr 89 931, noe som gir et årsresultat på kr minus 40 744 mot kr 38 054 i 2006.

Balansen: Sum egedelar er på 8 170 315,-.

Aktiva er plassert i planteskulen, som førebels ikkje gir avkastning. Skogselskapet sine verdier er sikra ved at Planteskulen er inndelt i eigarselskap og drivarselskap.

Skogselskapet har 70 årleg betalende og 288 livsvarige medlemmer.

Årsmelding og rekneskap vart samrøystes vedteke.

Det vart også orientert om at Skogselskapet har får nye nettsider i løpet av året. Styreleiaren håpte at det skal gjere det enklare å få ut meir informasjon. Den nye skogkonsulenten, Marta Kjøllesdal vart presentert.

Vedtektsendring

Tidlegare har ein styremedlem med varamedlem blitt oppnemnt av styret i Det norske Skogselskap og ein medlem med varamedlem blitt oppnemnt av Fylkestinget for fire år.

Forslaget som vart lagt fram var at årsmøtet også skal velje dei to styremedlemmene, slik at årsmøtet vel fire medlemmer til styret, mot to tidlegare. Skogeigarorganisasjonen skal framleis oppnemne ein medlem med vara. Vedtektsendringa vart samrøystes godkjent.

Val:

Valkomiteen innstilte på attvalg av styreleiar Hans Olav Lahus for eitt år. Peder Aarø var innstilt som ny nestleiar etter Hølje Jore, som hadde trekt seg. Dei vart samrøystes valde.

Jon Ingebretsen, Vrådal, vart vald til ny styremedlem for eitt år. Tor Erik Baksås, tidlegare oppnemnd av fylkeskommunen, vart vald av årsmøtet etter dei nye vedtektene. Han vart vald for to år. Guro Vale Kvavik, tidlegare oppnemnd av DnS,

var på same måte vald for tre år. Etter vedtektene er styremedlemmane valde for tre år om gongen, men for at ikkje alle skal vere på val på ein gong, vart det gjort slik.

Som ny medlem i valkomiteen valde årsmøtet Ina Grubbe, Skien. Nelly Herregården gikk ut.

FAGFOREDRAG

Det var eikeskogen på Jomfruland som var det skogfaglege temaet. Olav Tveitereid starta det med å vise oss rundt og fortelje om både eldre og nyare historie. Eikeskogen er verna. Fleire, blant dei Olav Tveitereid, meiner at eikeskogen døyr og at årsaka er feil forvaltning av skogen.

Eikeskogeekspert Magne Risdal hadde sett på nokre av dei daude eikene og alle dei han hadde undersøkt, hadde gått med på grunn av honningsopp. At honningsoppen går til angrep på eikeskog har han også sett andre stadar i det siste. Han er ikkje sikker på kvifor, eika er normalt eit friskt og sterkt tre. Men det kan kome av at eikeskogen er svekka av klimaendringar eller tørke. Risdal trudde at hogst og fornying kan vere ein måte å stoppe eikedauden på.

Årsmøtelyden såg også på det vakre kulturlandskapet og på raudhasselskogen, som tydeleg har vore kultivert. Ivar Gundersen, lokal kjentmann og kulturperson stod for ein del av det lokalhistoriske. Øya viste seg frå si beste side i eit fantastisk sommarvêr.

Informasjonsarbeid

Hølje Kr. Jore var mellombels tilsett som informasjonskonsulent i 50 % stilling ut 2007 . 1. april 2008 starta Marta Kjøllesdal i stillinga.

Skogselskapet var med å arrangerte to Tid for skog-møter og hadde kontakta med pressa.

Målet var å spreie budskapet om kor viktig det er å auke skogplantinga igjen. Ikkje berre for å sikre skogeigaren for framtida, men for å hjelpe til med fangst av CO₂. Skogen er ein gigantisk CO₂-støvsugar. I framtida vil vi også trenge råstoff frå skogen til brensel og byggjematerial.

Det vart også arrangert ein rein pressekonferanse i april for å fokusere på behovet for skogplanting og skog og klima.

Både pressekonferansen, årsmøtet og dei to konferansane førte til fleire innslag i fylkes- og lokalaviser og NRK.

På slutten av 2008 starta arbeidet med konferansen Skogen i energi- og klimaplanarbeidet. Målgruppa var dei som arbeider med dei kommunale energi- og klimaplanane og skogeigarlaga. Konferansen vart arrangert i samarbeid med Telemark Bioenergiforum i januar.

Dei nye nettsidene www.skogselskapet.no/id/307 har vore brukt aktivt for å få ut informasjon om Skogselskapet og tema som kan vere interessante for både medlemmar og andre skoginteresserte. Tanken er at skaper ein ein interessant nettstad som mange er innom og les saker på, så kan det auke kunnskapen om og interessa for Skogselskapet. Og gjennom det skaffe oss medlemmar og styrkje arbeidet vårt.

Skogkonsulenten har også vore med å lage Fylkesmannen årsrapport for 2007.

Dyrsku'n 2008

Temaet i 2008 var, som året før, skog og klima med et spesielt fokus på CO2 binding i skog. Det var også ein tippekonsurrans med ei motorsag som premie. 112 personar svarte på tippekonsurransen. Alle svara kunne ein finne på plakattstillinga.

På årets Dyrsku'n vart arealet bak Skoghuset leigd ut av Dyrsku'n Arrangement. Det reagerte arbeidsutvalet for Telemarkskogen på og har teke det opp med Dyrsku'n. Arbeidsutvalet meiner at tanken bak standen til skogbruket er å skape ei sone fri for kjøpepress. Ein stad der folk kan samlast rundt kaffibålet, roe ned og prate, gjerne om skog. Det er også viktig å få vise fram det flotte grindverksbygget, då kan det ikkje vere skjult bak campingvogner, telt og plakatar.

Dei som står på stand ser også at det er bålet, skogskaffien og skogspraten som er hovudattraksjonen.

Arbeidsutvalet for Telemarkskogen 2008 var Marta Kjøllesdal, Telemark Skogselskap(leder) Simon Thorsdal, At Skog BA og Ole Jørgen Wefald, Fylkesmannens landbruksavdeling. Han overtok då Jon Olav Brunvatne gikk ut i permisjon. Marta Kjøllesdal har møtt på avdelingsleiarmøta i Dyrsku'n

Skuleskogdagar

Blant anna på grunn av møtekollisjon (med årsmøtet) vart det ikkje noko av dei tradisjonelle skuleskogdagane i Kviteseid og Bø. Det er noko vi vil prøve å rette på i år, og også få til fleire skogdagar i skulane.

Nettsida skogogklima.no

I 2008 vart forprosjektet til nettsida skogogklima.no og skogkalkulatoren avslutta. (Prosjektet vart i starten kalla skogbrukets klimakampanje.) Reaksjonane var positive både frå skogorganisasjonane og Landbruksdepartementet. No er ballen spela over til Det norske Skogselskap som søker Landbruksdepartementet om midlar til eit hovudprosjekt. Men Telemark Skogselskap vil ha ei hand med på rattet og bede om å få vere med i styringsgruppa for det nye prosjektet.

Skogbrukets kursinstitutt

Frå og med 2008 har SKI sjølv overteke ansvaret som fylkeskontakt for Aktivt Skogbruk i Telemark.

TELEMARK SKOGPLANTER AS

Telemark Skogplanter blei stifta 15.02.2005. Telemark Skogplanter AS er eit datterselskap av Telemark Skogplanteskule AS. Telemark Skogplanter AS leiger bygningar og areal av morselskapet.

VERKSEMDAS ART

Telemark Skogplanter As produserar skogplanter og juletreplanter. Selskapets forretningsverksemd er i første rekkje retta mot skogbruket i Telemark, men også for Sør-austlandet elles. Granplanter utgjer hovuddelen av produksjonen, ca. 96%,

dernest furu 3%. Resten, 1% lauv og diverse treslag.

Verksemda held fram på Gvarv i Sauherad, same staden som Telemark Skogselskap oppretta planteskule i 1915

PLANTESALG 2008

Det vart levert 1 385 000 planter til Telemark i 2008. For fylket var dette en oppgang på 44 000 planter. Det vart i tillegg levert 321 000 til andre fylke. Totalt antall planter levert frå Telemark Skogplanter AS kom derfor opp i 1 706 000

SAMLA LEVERING AV SALGSPLANTER 2008

	Vår	Høst	Sum 2008	Sum 2007
Gran M60	587 000	54 000	641 000	592 000
Gran M95	735 000	242 000	977 000	690 000
Furu	43 000	12 000	55 000	31 000
Lauv	12 000	1 000	13 000	8 000
Fr.treslag	20 000	0	20 000	20 000
Sum	1 397 000	309 000	1 706 000	1 341 000